

Invitasjon til innovasjons- og karrieredag ved HVL for 10.klassingar hausten 2024

Det er med stor glede at Høgskulen på Vestlandet, HVL Skape, Sogn Næring og Ungt Entreprenørskap Vestland i samarbeid med «System for styrka læring» inviterer alle 10.klassingane i Sogn til ein lærerik dag på Campus Sogndal. Me syner til e-post med informasjon frå programleiar til skulane 14.juni og 20.august.

Elevane vil få lære meir om innovasjon og entreprenørskap som er etterspurd i alle bransjar. I tillegg vil dei få lære om dei ulike studiemoglegheitene på HVL sine campusar i Sogndal, Førde, Bergen, Stord og Haugesund. Her får elevane jobbe med faga utdanningsval, samfunnsfag og andre fag i praksis. Me er svært glade for at de vil delta!

Onsdag 25.september 2024 kl 09.00-13.15:

10.klassingar frå Kvåle skule, Flatbygdi skule og Feios skule er velkomne. Ca 120 elevar

Gruppe 1: Kvåle skule a-klassen (ca 30 elevar)

Gruppe 2: Kvåle skule b-klassen (ca 30 elevar)

Gruppe 3: Kvåle skule c-klassen (ca 30 elevar)

Gruppe 4: Flatbygdi skule og Feios skule (ca 30 elevar)

Torsdag 26.september 2024 kl 09.00-13.15:

10.klassingar frå Aurland barne- og ungdomsskule, Lærdalsøyri skule, Kaupanger skule, Leikanger ungdomsskule og Luster ungdomsskule er velkomne. Ca 129 elevar

Gruppe 1: Aurland barne- og ungdomsskule og Kaupanger skule (ca 34 elevar)

Gruppe 2: Lærdalsøyri skule (ca 26 elevar)

Gruppe 3: Leikanger ungdomsskule (ca 35 elevar)

Gruppe 4: Luster ungdomsskule (ca 34 elevar)

Dagen er delt inn i tre stasjonar med læringsopplegg:

	Pitch (1,5 time)	HVL (45 min)	Gründer (45 min)
	Rom: Hild 1 og 2 i Bragebygget	Rom: Idun 1 og 2 i Bragebygget	Rom: Læringslaben (01-65) i Stadionbygget (ligg i etasjen rett over idrettssenteret, heilt i enden)
09:00 – 09:45	GRUPPE 1 og 2	GRUPPE 3	GRUPPE 4
	15 min pause/ forflytting mellom stasjonane		
10:00 – 10:45	GRUPPE 1 og 2	GRUPPE 4	GRUPPE 3
	Ca 35 min lunsj i HVL-kantina (medbragt mat/kjøpe mat)		
11:30- 12:15	GRUPPE 3 og 4	GRUPPE 2	GRUPPE 1
	15 min pause/ forflytting mellom stasjonane		
12:30 – 13:15	GRUPPE 3 og 4	GRUPPE 1	GRUPPE 2

Elevgruppene (klassane) går til stasjonane saman med læraren sin som føl opp sine elevar både under opplegget og i pausane. Det er viktig at skulane sender med nok vaksenressursar til sine grupper og at dei vaksne er tett på og tilgjengeleg for sine elevar heile dagen, også i pausar.

For at me alle skal få ein vellukka dag er det viktig at me held tida og at me møter opp på rett stad til rett tid. Me skal prøve å hjelpe til så godt me kan slik at de finn vegen og kjem til å skilte med piler mellom Bragebygget og Læringslaben. Sjå kart over Campus Sogndal her: [Campus Sogndal - MazeMap](#) Sjå også skjermdump vedlagt som syner kvar læringslaben ligg.

Informasjon om dei tre læringsopplegga:

- **Pitching (1,5 time):** På denne stasjonen skal elevane jobbe i ei dobbeløkt med pitching i 5'ar-grupper som er forhandsbestemt av lærar. Her skal elevane samarbeide om å finne kreative løysingar på utfordringar. *Ein pitch er ein kortvarig presentasjon av en idé eller eit prosjekt. Føremålet med ein pitch er å skaffe seg samarbeidsparter eller kunder, slik at ein kan realisere idéen.*
- **Høgare utdanning (45 min):** Studentambassadørane Andrea og Oskar kjem til å fortelje om HVL sine utdanningstilbod, dei ulike campusane, studentlivet og korleis dei valde sine studieretningar. Det blir også synt nokre filmsnuttar. Dei ynskjer å syne kva HVL kan tilby av

høgare utdanning på Vestlandet og kor viktig det er å bryte nokre barrierar i høve mytar om kjønn og studieretning.

- **Korleis lukkast med å bli ein gründer i Sogn? (45 min):** Sogn Næring fortel litt om korleis ein kan starte opp bedrifter i Sogn, deretter kjem lokale gründerar til å fortelje om korleis dei har lukkast med si bedrift. Kanskje får me nokre gode råd på vegen?

Gruppeinndeling til pitcheøkta

Me ber om at skulane deler klassen sin inn i grupper på ca 5 elevar på førehand. Me skal bruke gruppene på pitche-økta og til litt etterarbeid, så det er lurt at samansetjinga av gruppene er god.

Etterarbeid

Elevane treng truleg noko tid til etterarbeid på skulen for å ferdigstille filmen til pitchen. Frist for å levere inn filmen er fredag 4.oktober kl 14. Det vert premiering av totalt fire vinnargrupper i pitchekonkurransen etter haustferien.

Bilder

Det blir fotografert under arrangementet, mest for å syne aktiviteten gjennom arrangørane sine heimesider og evt. media. Det blir ikkje teke nærbilete. Gi beskjed til Ingrid om det er elevar/føresette som ikkje har samtykka til dette.

Transport/skyss

Skulane tek sjølve kontakt med busselskapet for å reservere plass på rutebussen til og frå Sogndal denne dagen. Det skal vere mogeleg å følgje ordinær skuleskyss for VGS-elevar, med unntak av Luster ungdomsskule, Leikanger ungdomsskule og Lærdalsøyri skule som må bestille eigen skyss som de sender refusjonskrav for. Lærdalsøyri skule kan følgje rutebuss på morgonen.

Ynskjer de bedriftsbesøk for klassen i tillegg?

Ta snarleg kontakt med Ingrid om du ynskjer hjelp til å bestille bedriftsbesøk etter at samlinga er avslutta kl 13.15.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål.

Me gler oss til å treffe deg på Sogndal Campus! Velkommen! 😊

Beste helsing frå

Stine Stageland Bach, Høgskulen på Vestlandet

Henrik Skyttermoen, Sogn Næring

Frida Pedersen Bekkestad, HVL Skape/ Sogn Næring

Fredrik Jarstadmarken, Ungt Entreprenørskap Vestland

Ingrid Steine Bortne, System for styrka læring